

Damvegen Skogsveglag SA

5614 Ålvik

NVE
Majorstuen.
0301 OSLO

Høyringsuttale til sak 202110781-10

Styret i veglaget har i møte 19.06.2024 bestemt å gje flg høyringsuttale til den føreliggjande plan om ny dam i Bjølsegrøvatn:

1. Parkeringsplass for framtida.

I Hedlerdalen ovanfor det planlagde tunnelpåhogget i sør skal vekstmassar leggjast ut og mellomagrast for seinare bruk. Etter at tunnelfylling er lagt ut vil der verta eit platå som kan nyttast til parkeringsplass og helningane på fyllinga verta plastra med dei lagra vekstmassane. Ein større parkeringsplass her vil vera eit svært positivt bidrag for dei mange friluftinteresserte og fjellfolk frå fjern og nær som skal på toppturane til Naglacklepp, Giljafjell og Vikedalsnebbet mfl. Å laga denne plassen vil ikkje bety ekstra utloger for utbyggjar. Parkeringsplassen må sjølvstendig bli godkjent av grunneigarar. Styret ser for seg ein asfaltert parkeringsplass stor nok til å romma 50 vanlege personbilar og i tillegg bør plassen ha toalett med septiktank og tilgang til vatn for almenta. Ein god og velfungerande parkeringsplass vil fremja interessa for fjellheimen og styrkja folkehelsa.

2. Mobildekning

Styret vil be om at det blir sett opp ei permanent telefonmast ved Dammen. Dette for å sikra kommunikasjonen for dei fjellfarande og for hyttefolk både i notid og framtid.

Ålvik, 20.06.2024


Johannes Vedå

styreleiar i veglaget